Sodoma og Gomorra.
Skal ha vore to slåtter som heitte Sodoma og Gomorra, men har ikkje funne ut kvar dei har vore.
Bergit Kleiva meiner dei er opp for Nord - Venås der Birkelandhytta er nå.
Aslaug Granheim trur at Sodoma og Gomorra ligg opp for Sud - Venås. Halvor Granheim hadde sagt at det var nokre smårenner ovanfor Venås, og han budde ei stund på Sud - Venås.
Astrid Finnekåsameiner det er to dekkar som ofte er blaute.
Dei skal ligge ved vegen til Bergen. Hytta til Torjus Bergen ligg like ovanfor. Sodoma ligg lengst innpå, Gomorra nedanfor.

Heddersbrenne.
Olav Solvang fortel at ei som var gravid var så plaga av ein bjørn der.
Det skal vera ei god tiurolle der.

Hulderholet.
Ein hund gjekk inn der og kom ut att i Heddersfjell med avsvidd rove.
Murukleiven skal ha budd i Hulderholet ein vinter. Iurene nedanfor skal han ha grave ned ein skatt.

(Olav Sveinsson)